

Møtereferat

Deltakrar:

FFO: leiar Eli Sjo, nestleiar Marianne Sundvor, Nooshin Zaery.

SAFO: Christel Borge Bersaas-Nesse, Ulrikke Tranberg (vara)

Pensjonistforbundet: Torveig Botnen.

ProLar Nett: Christine Lønne.

Kreftforeningen: Terje Thue.

Vestland Innvandrarråd: Everline Mjømen

Seksjon for samhandling: koordinator Randi Bjørgen Johannessen.

Forfall:

SAFO: Renate Toft

FFO: Lene Nilsen, Michael Sønnesyn (forfall meldt på kort varsel på grunn av sjukdom, ikkje mogleg å kalle inn vara)

Kopimottakarar:

Helse Vest RHF

Møteleiar: Eli Sjo

Møtedato: 14.09.2026

Klokkeslett: 09.00 – 13.30

Møtenr: 6

Møtested: Finstua, Bikuben kurs- og konferansesenter

Arkivref: 2025/20631 - 114955/2026

Referat frå møte i Brukarutvalet 14.09.2026

Saksnr	Emne	Ansvarleg
26/44	Velkommen Dagsorden og innkalling blei godkjend. Informasjon frå styremøte 27.08.2026; tilgang til saksdokumenta; Styret i Helse Bergen - Helse Bergen HF	Fast
26/45	Kva skjer i sjukehuset? v/administrerende direktør Marit Lieng Orientering om aktuelle saker til styremøtet i Helse Bergen HF 24. september 2026. Sakene omfatta mellom anna verksemdsrapport, status i budsjettprosessen for 2027, oppfølging av internrevisjon, møteplan for 2027, utviklingssaker knytte til ventetider og steriltforsyning, samt orienteringar om helsepersonellplan 2040 og administrerende direktør si orientering. Det vart lagt fram status for aktivitet og drift per august 2026 innan somatikk, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Informasjon om utvikling i ventetider,	Fast

	pasientstraum, ventelister, bruk av døgnplassar og operasjonskapasitet. Det vart vist til høg kirurgisk aktivitet og auka tal operasjonar samanlikna med same periode året før. Orientering om felles styreseminar mellom Helse Vest RHF og Helse Bergen HF, der tema mellom anna var utvikling av Sentralblokk, arbeidet med økonomisk balanse og framtidige løysingar for sjukehusområdet. "Avvising" av henvisningar v/viseadministrerende direktør Clara Gram Gjesdal Orientering om vurdering av tilvisingar til spesialisthelsetenesta. Det vart gjort greie for kriterium for når pasientar ikkje har rett til helsehjelp i spesialisthelsetenesta, og korleis slike vurderingar skal kommuniserast i tråd med prioriteringsretteleiarar, nasjonale retningslinjer og prioriteringskriteria nytte, ressurs og alvorlegheit.	
26/46	Revidert utviklingsplan 2026 for Helse Bergen v/rådgivar Ingvild Sunde, strategi, organisasjon og ledelse. Orientering om revisjonen av utviklingsplanen for Haukeland universitetssjukehus og den pågåande interne høyringa. Det vart informert om status i arbeidet, tidsplan for vidare prosess og hovudmåla for oppdateringa av planen. Utkastet legg vekt på mellom anna pasientperspektivet, samhandling, berekraft, kompetanse, teknologi og utvikling av framtidige helsetenester fram mot 2040. Brukarutvalet sine tidlegare innspel er tekne med i det vidare arbeidet med planen. <u>Innspel i møtet:</u> • Klikk moglegheit på de gule boksane på plakaten for meir informasjon. • Samarbeid med kommunane må vere tydeleg omtalt i utviklingsplanen. Samhandlingsmidlar vart løfta fram som eit viktig verkemiddel for å styrkje samhandlinga og gi moglegheit til utviklings- og forbettringsprosjekt på tvers av tenestenivåa. • Utvalet peika på betydninga av godt samarbeid med pårørande, likepersonar og frivillige organisasjonar. Det vart etterlyst ei tydelegare omtale av rollefordeling, samarbeid og korleis desse ressursane kan nyttast som eit supplement til dei ordinære tenestene, særleg innan psykisk helsevern og rusbehandling. • Lærings- og meistringssenteret (LMS) er teke inn i planen, noko utvalet vurderte som positivt. Samstundes vart det stilt spørsmål ved kor godt kjent tilbodet er i pasient- og brukarorganisasjonane, og om behov for nye kurs og tilbod i tilstrekkeleg grad vert formidla til LMS.	Strategi, organisasjon og ledelse

	• Erfaringar frå Kreftklinikken sitt «Pusterommet»-tilbod vart trekte fram som eit positivt døme. Det vart peika på at informasjon om slike tilbod vert formidla ulikt mellom avdelingane, og at meir systematisk informasjon til pasientane bør vurderast. • Tilbod til framandspråklege bør kome tydelegare fram i utviklingsplanen. <u>Oppfølging:</u> Brukarutvalet ønskjer å invitere Sunde tilbake til eit møte våren 2027 for vidare orientering om arbeidet med utviklingsplanen.	
26/47	Budsjettprosessen i Helse Bergen v/direktør økonomi- og finansavdelingen Kristin Pundsnes. Orientering om rekneskapsstatus per august 2026 og budsjettarbeidet for 2027 i Helse Bergen. Det vart gjort greie for den vidare budsjettprosessen og dei økonomiske utfordringane føretaket står overfor i planperioden. Føretaket har sett i verk ei omfattande tiltaksplan for å betre den økonomiske utviklinga. Tiltaka omfattar mellom anna redusert lønnskostnad tilsvarande 250 årsverk, forsterka oppfølging av einingar med budsjettavvik, gjennomgang av bemanning og støttefunksjonar, samt tiltak for betre pasientflyt og ressursutnytting. For budsjettet i 2027 er det lagt til grunn avgrensa aktivitetsvekst og full effekt av dei planlagde kostnadsreducerande tiltaka. Føretaket arbeider med langsiktige tiltak for å sikre økonomisk berekraft og balanse i perioden 2027–2030. Brukarutvalet stilte spørsmål om korleis reduksjonen i årsverk er planlagt gjennomført, og om dette i hovudsak vil skje gjennom naturleg avgang. Det vart opplyst at dette må vurderast i den enkelte klinikk.	Økonomi- og finansavdelingen
26/48	Sentralt KPU v/nestleiar Marianne Sundvor Orientering om arbeidet i det sentrale kvalitets- og pasienttryggleiksutvalet (KPU) i Helse Bergen. Det vart gjort greie for utvalet sitt mandat, samansetjing og ansvarsområde. KPU skal bidra til systematisk arbeid med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik gjennom å identifisere risiko, følgje opp uønskte hendingar og leggje til rette for læring og forbetring på tvers av føretaket. Representantar frå Brukarutvalet medverkar til å sikre at pasient- og brukarperspektivet vert ivareteke i vurderingar av risiko, hendingar og forbetringstiltak.	Brukarutvalet

	Oversikt over sentrale saker som har vore handsama i KPU i 2026 ble presentert, mellom anna læringssaker etter alvorlege hendingar, internrevisjonar, pasientovergangar, samhandling med kommunane og oppfølging av pasienttryggleiksarbeidet i føretaket.	
26/49	Presentasjon av prosjekter/utval <u>Helsefellsskapet v/leiar Eli Sjø</u> Strukturen i helsefellesskapet er kjend for utvalet gjennom tidlegare orienteringar. Det har over tid har vore diskusjon om Brukarutvalet bør vere representert i det strategiske samarbeidsutvalet. Per i dag er Ungdomsrådet i Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sjukehus representerte. Det vart uttrykt håp om at Brukarutvalet kan få deltakelse i utvalet på eit seinare tidspunkt. Helsefellesskapet skal evaluerast, i første omgang gjennom ein intern prosess. Brukarutvalet ønskjer å følgje opp dette arbeidet og etterlyste informasjon om vidare framdrift og korleis utvalet kan involverast i evalueringa. Oppnemning av brukarrepresentantar skjer gjennom Helsefellesskapet. <u>Tenesteavtale 3 og 5 v/Christel Borge Bersaas-Nesse</u> Tenesteavtale 3 og 5 er ein del av samarbeidsavtalane mellom kommunane og spesialisthelsetenesta, og handlar i hovudsak om inn- og utskriving av pasientar. Tidlegare har det vore to avtalar, ein for somatikk og ein for rus og psykiatri. No skal desse samlast til ein avtale. Christel deltek som brukarrepresentant i arbeidsgruppa. Arbeidet har vore omfattande, og enkelte tema har vore krevjande å oppnå semje om. Eventuelle punkt det ikkje vert oppnådd semje om, vil bli løfta vidare til Strategisk samarbeidsutval (SSU) for behandling. Når revisjonsarbeidet er slutført, vil Brukarutvalet bli orientert om resultatet av arbeidet.	Brukarutvalet
26/50	Eventuelt • Det vart orientert om at sak om reduksjon i talet på medlemmer (11 til 9) og endra samansetjing av Brukarutvalet er meldt til møte i FTL og styret i september. Saka er fremja av Seksjon for samhandling. • Det vart gitt informasjon om arrangementet <i>Styrke i samspel</i> ved Alrek helseklynge 15.- 17. Oktober 2026, der temaet er utanforskap blant unge og deltaking i arbeidslivet. Arrangementet vil mellom anna omfatte innlegg frå brukarrepresentant med eigne erfaringar, innlegg frå NAV og forskar frå NORCE, samt sofaprat og paneldebatt. Brukarutvalet vart oppmoda om å delta dersom høve.	Brukarutvalet

	• Førespurnad om brukarrepresentant til forskingsprosjekt om prostatakraft. Terje er aktuell kandidat, koordinator følgjer opp saka med saksinnmeldar. • Førespurnad om brukarrepresentant til referansegruppa for Nasjonal kompetanseneste for ILO (induserbar larynxobstruksjon). Nooshin er aktuell kandidat, koordinator følgjer opp saka med saksinnmeldar. • Det vart presisert at saker som skal handsamast i Brukarutvalet må vere tilstrekkeleg utgreidde og meldast inn til arbeidsutvalet (AU) før behandling. Dette vart drøfta med utgangspunkt i ei nyleg sak knytt til medieoppslag. • Prosjektlista vert gjennomgått i møtet i oktober • Svarfrist e-post: Det vart semje om at e-postar sendt frå koordinator skal svarast på innan tre dagar, dersom ikkje anna er avtalt.	
--	--	--

Randi Bjørgen Johannessen
referent